

Servicebygget i bruk



Etter endelig å kunne ta det nye servicebygget i bruk, møtte vi på noen utfordringer knyttet til nybygget.

Dette gjelder brukstillatelser, midlertidige brukstillatelser og stengt bygg for manglende utførelser på bygget, men til tross for dette har vi frem til nå gjennomført store arrangementer etter åpningen. For å møte de store utfordringene vi har hatt, kreves mye dugnadsinnsats av medlemmene, både på land og sjø. Det er ikke alltid like lett

å få med så mange vi skulle ønske, da vi har stor aktivitet innen seiling i forskjellige klasser. Det gjør at det kolliderer av og til.

Men vi har fine lokaler, og vi får mye skryt både av norske og ikke minst utenlandske seilere som har deltatt i forskjellige regattaer.

Vi leier ut bygget til brylluper og konfirmasjoner samt andre begivenheter som trenger god plass. Men vi har en utfordring med god logistikk når det gjelder utleie og regattaer som skal gjennomføres. Som regel ønsker man å booke lokalet til bryllup ett år eller to frem i tid og helst i de månedene foreningen selv har mest aktivitet. Det vi ønsker minst, er å lage problemer for både seilarrangement og utleie, så vi forsøker så godt vi kan i samarbeid med leder sport og utleieansvarlige å ha en så god logistikk som mulig.

Vi ønsker at flere seilere tar turen til oss for å delta på regattaer der Askøy Seilforening står som arrangør, så vi hjelper til med overnatting og bespising for tilreisende seilere. Gå inn på hjemmesiden vår så finner dere kontaktpersoner som hjelper dere, www.askoy-seilforening.no.

Den siste regattaen vi hittil har gjennomført i år, er seilsportsligaen i samarbeid med Ran Seilforening. Der fikk vi mange nye seilere på besøk, med både overnatting og bespising. Vi håper de har hatt et godt opphold og vil komme tilbake til oss i Askøy Seilforening ved en annen anledning også.

Vi ser frem til høy aktivitet i huset vårt, og tar gjerne mot din bestilling!

Ove Flatnes, styremedlem i Askøy Seilforening



GISKE BERLAND

ASKØY RUNDT 2016

Perspektiver

Årets utgåve av Askøy Rundt er historie, og med det den 38. i rekka av denne tradisjonsrike regattaen.

AV GISKE BERLAND • Her er regattasegling sett gjennom øyene til tre damer i ulike roller.

LANDKRABBE I STARTBÅTEN.


For underteikna sin del er det 3. regattaen der eg har vore med i startbåten, dog med litt ulike oppgaver der eg fyrste året berre slengde meg med som fotograf. Som heilt blank i starten har eg hatt ei bratt læringskurve, men det har vore kjempemoro. Du må absolutt ikkje vera proff for å bidra i startbåt eller på sjøen under ein regatta!

Eg har vore så heldig at eg har fått vera med og læra frå dyktige regattasejfar og medarrangørar. Så frå å ikkje ha peiling på noko rundt regattagjennomføring med reglar, vur-



GISKE BERLAND

DAMEBÅT: Damene om bord i NESSIE har det moro både under seglasen og på festen etterpå.



GISKE BERLAND

PRINCESS OF ASKØY RUNDT: Gry Hunstad vant instagramkonkurransen.

deringar og taktikk – så har eg no tileigna meg ei viss innsikt i dette slik at eg kjenner at eg faktisk kan bidra i startbåten.

Nettopp dette å blanda erfarne med uerfarne er ein flott måte å rekruttera på. Så mi oppfordring til andre (og spesielt damer) er å melda seg som frivillig til ein regatta eller to i året.

Eit anna moment er at me på denne måten og får ei betre forståing for kva som føregår på regattabanen når det gjeld reglar og taktikk ved å sjå på andre. Slik kan me sjølve verta tryggare på å delta i regatta.

TURSEGLAREN I DAMEBÅTEN.

Nokon som har våga og som deltok med rein «damebåt» er Beate Rasmussen Soltvedt. Som liten var ho med på Askøy Rundt sin spede oppstart med familieseglase i NESSIE. No er ho skipper for ANN-FIELD LADIES som deltok for 3. gong i turklassen.

For nokre år sidan tok ho steget, tromma saman ein gjeng damer og heiv mannen ut av båten for Askøy Rundt-helga. Han fekk fint finna seg nokon andre å segla med.

Med ei lita trening dagen før regattaen, slik at dei vart litt kjende med båten, stod dei klar på startlinja med ambisjonar om å slå mannfolka! Nettopp det har dei ikkje klart enno, men Beate fortel at dei har stor glede av å sjå at mannfolka vert litt stressa.

For Beate og hennar veninner har dette no vorte årets happening og sjølvsagt litt gimmick! Det er absolutt ikkje noko problem å få med menneskap, og dei har det grådige moro både under seglasen og på festen etterpå.

Noko tankar og erfaring har dei gjort seg desse åra, og det er at dei må læra seg meir om taktikk og vegvalg. Spesielt gjeld dette når det vart slik som i år med veldig lite vind. Men dei fekk no god trening med å jobba med genakker fortel Beate med sin trillande latter.

VIKTIG: Taktikk og vegvalg er spesielt viktig når det er lite vind slik det var i årets utgåve av Askøy Rundt.

KONKURRANSESEGLAREN. Gry Hunstad i SHIRAZ vart i år kåra til «Princess of Askøy Rundt» etter vår uhøgtidlege instagramkonkurranse. Underteikna tok ein prat med Gry etterpå og ei av tinga me lurte på er kva som gjer at akkurat dei er vorte så gode (vinnarar i sin klasse fleire gonger)?

Gry fortel det at ei kombinasjonen god skipper, god og rask båt med fine segleingskapar og eit mannskap som har vore under kontinuerleg opplæring som nok har vore deira suksessfaktor.

Dei har og vore heldige med å ha god tilgang på mannskap over fleire år gjennom interesserte, lærevillige og kjekke kollegaer som dei har lurt seg med om bord – i tillegg til ho sjølv, skipper Gordon og sonen Thomas. Nokre gonger er dei reint familiecrew med berre dei tre. Eit internasjonalt crew altså, eller som skipper Gordon ofte seier: «We're all foreigners – Nick is from Switzerland, Frances from England, I'm from Scotland and Gry is from Bodo...».

Gry kan røpa at kapteinen ofte har med seg sitt utstyr for hemmelege luretaktiske overraskelsesknepp. Det er ein vannballongkatapult som dei av og til brukar om det er lite vind og dei vert liggande å venta med utsett start. Då må dei andre båtane vera på vakt, elles kan det koma susande ein vannballong i seglet, som gjev forfriskande vanndråpar over dei om bord.

– Me er blitt veldig glade i Askøy Rundt seier Gry, og legg til – det er ein fin regatta med mykje flott natur med fjell, fjord og øyer, og det er stadig variasjon i vind og strømførhold som gjer det spennande å segla. Det er og veldig sosialt, og me føler me er del av ein stor familie blandt alle seglarane der me avsluttar regattaen med fest, grilling, langbord og premieutdeling der både born og vaksne og firbeinte er med.



GISKE BERLAND

STRÅLANDE: Nydeleg vær, men stille under årets Askøy Rundt.

NYTT FRA ASKØY SEILFORENING • ASKOY-SEILFORENING.NO

